

Årsmelding

for Aurland fjellstyre

2017



Aurland fjellstyre
Februar 2018

FØREORD

I denne årsmeldinga har me prøvt å ta med det viktigaste av det som fjellstyret har arbeidd med i året som har gått, i tillegg til oversiktar over fiskefangst, felte reinsdyr, hjort og ryper o.a. Årsmeldinga ligg på fjellstyret si nettside www.aurland-fjellstyre.no. Der finn ein og meir informasjon om tilboda i statsallmenningane i Aurland.

Aurland, den 6.2.2018

Erling Nesbø
fjellstyreleiar

May- Britt Martinsen

Bjørn Ebne

Reidun Bøe Bjørgum

John Håland

INNHALDSOVERSIKT

1.	FJELLSTYREARBEID OG -SAKER I 2017	side	3
2.	OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING	"	5
3.	FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE	"	6
4.	FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR	"	6
5.	REIN OG REINSJAKT	"	7
6.	ELG- OG HJORTEJAKT	"	8
7.	SMÅVILT	"	10
8.	FISKE	"	12
9.	ANLEGGSPLEANAR I ALLMENNINGEN	"	13
10.	ØKONOMI	"	14

Framsidedfoto:

- Elevar og lærarar Flåm skule i dyregrav, oktober 2017
- Steinbrot Vargene, juli 2017

Vedlegg:

- Fangststatistikk fiske, Aurland statsallmenning 2017
- Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2017

FJELLSTYREMØTE OG SAKER I 2017

Det vart halde 8 møte og handsama 37 saker dette året.

Fjellstyremøte den 13. februar:

- Sak 1/17. Referat og meldingar
- Sak 2/17. Fjellstyrerekneskapen for 2016
- Sak 3/17. Fjellstyret si årsmelding for 2016
- Sak 4/17. Byte av snøskuter
- Sak 5/17. Aurland sikringsradiolag – søknad om tilskot

Fjellstyremøte den 20. mars:

- Sak 6/17. Referat og meldingar
- Sak 7/17. Saker til årsmøtet i villreinutvalet for Nordfjella – fellingskvote, jakttid m.m.
- Sak 8/17. Revisjon av fiskereglane for Aurland statsallmenning
- Sak 9/17. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusellen
- Sak 10/17. Val av fjellstyret sin medlem og varamedlem til styret for Aurland hjorteutval
- Sak 11/17. Oppseiing av avtale om hjortejakt frå jaktlaget i Nordheimsdalen, nedre jaktfelt

Fjellstyremøte den 18. april

- Sak 12/17. Referat og meldingar
- Sak 13/17. Høyring: Forslag om soneforskrift om skrantesjuka
- Sak 14/17. Fastsetjing av fiskereglar for Aurland statsallmenning
- Sak 15/17. Opplegg for fjellstyret sine fellingsløyve for rein. Utlysing, tildeling, prisar m.m.

Fjellstyremøte den 23. mai

- Sak 16/17. Referat og meldingar
- Sak 17/17. Trekking av hjortejakta i Nordheimsdalen, nedre jaktfelt
- Sak 18/17. Opplegget for reinsjakta – kortsal, jegermøte, samjaktavtalar m.m.
- Sak 19/17. Opplegg for småviltjakta i Aurland statsallmenning for 2017
- Sak 20/17. Prisar på garnfiskekort og fiskekort for stong- og oterfiske i Aurland statsallm.

Fjellstyremøte den 13. juni

- Sak 21/17. Referat og meldingar
- Sak 22/17. Retningsliner for jaktlag i reinsjakta og for overdraging av kort
- Sak 23/17. Trekking av fellingsløyva for villrein
- Sak 24/17. Plan for fiskeutsetjinga i statsallmenningen 2017
- Sak 25/17. Innføring av godtgjersle for telefonberedskap til kommunalt viltansvarleg
- Sak 26/17. Søknad om støtte til Sogn jord- og hagebruksskule sitt 100-årsjubileum

Administrativt handsama saker i august:

- Sak 27/17. Uttale om sperregjerde for rein
- Sak 28/17. Reduserte prisar på fellingsløyva

Fjellstyremøte den 20. september

Sak 29/17. Referat og meldingar

Sak 30/17. Søknad frå Håbakken Eigedom AS om tilskot til infrastruktur knytt til ekstraordinært uttak av rein i og rundt Nordfjella

Sak 31/17. Søknad frå SNO om å få nytta fjellstyrehyttene i samband med det statlege fellingslaget sitt arbeid med å skyta ned reinsstamma i sone 1 i Nordfjella

Fjellstyremøte den 28. november

Sak 32/17. Referat og meldingar

Sak 33/17. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2018

Sak 34/17. Søknad om tilskot – Raudafjell villreinområde

Sak 35/17. Internett – ny heimeside for fjellstyret, facebook?

Fjellstyremøte den 15. desember

Sak 36/17. Referat og meldingar

Sak 37/17. Fjellstyrebudsjettet for 2018

Andre møte

Fjellstyret arrangerte i februar eit ope møte i Trudvang om fiskeforvaltninga for fjellvatna. Harald Sægrov frå Rådgivende Biologer heldt eit engasjerande føredrag for dei 40-50 frammøtte. I august, rett før reinsjakta starta, vart det halde eit lokalt jegermøte. Fjellstyret samarbeidde med grunneigarlaget for villreinald om dette. Elles vart det dette året halde fleire infomøte innan Nordfjella-området i regi av mattilsynet og Miljødirektoratet i samband med skrantesjuka på rein og handteringa av denne. Både fjelloppsynet og fjellstyremedlemar har delteke på desse.

Fjellstyret har dette året elles vore representert i, eller medlem av, følgjande organ:

- Norges fjellstyresamband
- Villreintvalet for Nordfjella, styret (Erling Nesbø)
- Aurland Setjefisk SA, styret (John Håland, leiar)
- Aurland Fiskeadministrasjon, styret (Håkon Øydvin)
- Regionalt oppsynsutval – ROU (Erling Nesbø)
- Fjellstyra på Hardangervidda – FH (observatørstatus, Erling Nesbø)
- Rådgjevande utval for verdsarvområdet Nærøyfjorden (Harald Skjerdal)
- Hjorteutvalet for Aurland (Håkon Øydvin, sekretær)

2. OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING

Desse tre har i 2017 vore tilsette i fjellstyret:

- Håkon Øydvin 100 % stilling (fjelloppsyn, driftsleiar setjefiskanlegg)
- Knut Fredrik Øi 100 % stilling (fjelloppsyn/gjetar, kommunal viltforvaltar)
- Harald Skjerdal 50 % stilling (fjelloppsyn, dagleg leiar)

I tillegg engasjerte fjellstyret sesongoppsyn/ferieavløysar i juni – august. Erlend Øydvin hadde dette engasjementet, som m.a. innebar sauetsyn, fiskeoppsyn og avløyning på setjefiskanlegget. Frå slutten av august og fram til årsskiftet var Aron Freyr Gudmundsson engasjert til prosjektarbeid som fjellstyret hadde teke på seg for NINA. Dette galdt forskingsprosjekt som gjekk på innsamling av jordprøver frå salteplassar for sau kringom i Nordfjella villreinområde, og oppsetjing av viltkamera på ein del av desse plassane. I tillegg var det arbeid med transport av reinhovud til prøvetaking i Borgund, og deltaking i sjølve prøvetakinga.

Arbeidstida til fjelloppsynet i 2017 fordelte seg slik:


1625 timar refusjonsgjevande arbeid for fjellstyret utgjer 32,4 % av arbeidstida.

3397 timar arbeid for andre oppdragsgjevarar (medrekna 22 timar kortsal for fjellstyret) utgjer 67,6 % av arbeidstida.

5022 timar totalt (4102 i 2016).

Timeverka som vart utførde for andre oppdragsgjevarar enn fjellstyret fordelte seg slik (2015- tala i parentes):

Oppdragsgjevar	Arbeidsoppgåver	Timar
<i>Aurland Setjefisk SA</i>	<i>Driftsansvar setjefiskanlegg, stamfiske, fiskeutsetjing</i>	<i>555 (637)</i>
<i>Villreinutvalet for Nordfjella</i>	<i>Sekretærarbeid, teljingar, Jaktoppsyn/oppsynsleiar</i>	<i>971 (361)</i>
<i>Statens Naturoppsyn</i>	<i>Rovviltkontakt, oppsyn, skjøtselsoppdrag</i>	<i>347 (257)</i>
<i>Aurland/Lærdal Kommune</i>	<i>Viltforvaltning</i>	<i>983 (606)</i>
<i>NINA</i>	<i>CWD/Merkeprosjektet villrein</i>	<i>343 (178)</i>
<i>Grunneig.lag Aurland/Lærdal</i>	<i>Fiskeoppsyn o.a.</i>	<i>6 (9)</i>
<i>Andre</i>	<i>(Mattilsynet m.fl)</i>	<i>170 (17)</i>
	Totalt:	3375 (2065)



3. FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE

I samsvar med partnerskapsavtalen som er inngått mellom fjellstyret og Aurland barne- og ungdomsskule, vart det gjennomført fiskedagar for fleire skuleklassar sist haust. Fjellstyret dekkjer busstransporten for klassane som er med, og får noko tilskot frå Statskog SF (gjennom regionalt oppsynsutval) til dette. På desse turane vert det trekt garn, fisken vert teken ut av garna og sløgd av elevane, og steikt på steinhelle over bål. Flåm skule får tilbod om det same.

Desse klassane deltok:

29. august: 1.-6. klasse Flåm skule, Stemmerdalen. 16 elevar og 5 vaksne.

30. august: 3. og 4. klasse ABU, Stemmerdalen. 20 elevar og 3 vaksne.

1. september: 1. og 2. klasse ABU, Stemmerdalen, 22 elevar og 3 vaksne.

7. september: 7. klasse ABU prøvefiska i Vestredalsmagasinet. 11 elevar og 3 vaksne.

Til saman **69** skuleborn og **14** vaksne har vore med på desse fiskedagane i 2017.

Ei gruppe med 5 elevar og 2 lærarar frå Flåm skule var ein dag i oktober med fjelloppsynet og leitte etter (og fann) dyregraver langs fjellvegen Aurland – Erdal.

4. FJELLSTYREHYTTTER, NAUST OG BÅTAR

Fjellstyret disponerer 5 opne hytter som turgåarar, jegerar og fiskarar kan nytta mot å betala ein overnattingspris på kr. 100. Det er gratis bruk av hyttene for born og ungdom under 20 år.

Opne hytter:

- Storebotnhytta (bygd i 1982, 7 sengeplassar)
- Melahytta (bygd i 1983, 14 sengeplassar)
- Hellenuthytta (bygd av Oslo Lysverker i 1965, 6 sengeplassar)
- Mellomvasshytta (bygd i 1985, 6 sengeplassar)
- Berdalsbu (bygd av Oslo Lysverker på 1960-talet, overteken av fjellstyret i 2008, 4 sengeplassar.

I tillegg eig fjellstyret desse hyttene:

- Gjetarhytte i Brubotn (bygd av Oslo Lysverker i 1966, overteken av fjellstyret i 1992. Vert nytta som base for sesongoppsyn/gjetar)
- Utleiehytte i Håbergsholene (overteken av fjellstyret frå Statnett i 2006, vert leigd ut gjennom *inatur.no*, 10 sengeplassar, leigepreis vert fastsett av fjellstyret)

To hytter i Nordheimsdalen, Aurland nordre statsallmenning, står opne og kan nyttast av alle som vil, på same vilkår som fjellstyrehyttene elles. Allmeningsstyret er eigar av desse hyttene, men det er inngått ein avtale mellom fjellstyret og allmeningsstyret, som m.a. omfattar bruken av hyttene i dalen.

Bruken av dei opne fjellstyrehyttene og utleiehytta i Holene var omlag som året før, ut frå summen av innbetalingar for overnattingar.

Arbeid på fjellstyrehytter og -naust i 2017:

I tillegg til vanlege driftsoppgåver som transport av ved og gass, henting av bos, reinhald, vask av sengeklede o.a. vart følgjande arbeid utført dette året:

- Hytta i Håbergsholene, kitta opp og måla to av vindaugene.
- Gjetarhytta i Brubotn, beisa vindskier og måla vindauge.
- Mellomvasshytta, skifta røykstuss på vedovn.
- Berdalsbu, retta opp og beisa døra.
- Hellenuthytta, beisa heile hytta og måla vindauge.

5 nye brannsløkkingsapparat vart kjøpte inn.

Naust og båtar

Fjellstyret hadde dette året 11 båtar liggjande ved vatn i allmenningen, til fri bruk i samband med fiske. Alle båtane er utstyrde med årar og redningsvestar.

- Nedste Storebotnvatnet (naust og båt)
- Fremste Melavatnet
- Hellenutvatnet (naust og båt)
- Holmavatnet (naust og båt, båten tilhøyrer Aurland jakt- og fiskelag)
- Langavatnet ved Kongshelleren
- Svartavatnet
- Nedste Mellomvatnet
- Alvsvatnet
- Katlamagasinet (båt i fiskesesongen)
- Nedre Berdalsvatnet
- Nosavatnet (samarbeid med grunneigarane i den privateigde delen av vatnet)

Det er planlagt å kjøpa ein ny båt som skal leggjast ved Vestredalsvatnet til fiskesesongen startar komande sommar.

5. REIN OG REINSJAKT

Statlege vedtak i samband med skrantesjukehandteringa var styrande for alt som hadde med reinsjakta i Nordfjella å gjera i 2017. Talet på fellingsløyve vart auka til 2050, frå 900 året før. Alle løyve i sine 1 vart tildelte som frie dyr. I tillegg vart det opna for å skyta ein kalv på alle fellingsløyve for vaksne dyr i sone 1. Målet var å få eit så høgt fellingstal som råd i sone 1, der heile stamma etter planen skal skytast ut i løpet av hausten/vinteren 2017-18. Jakttida vart utvida i begge endar, med jaktstart 10. august og jakt fram til månadsskiftet oktober-november.

Det var 182 innanbygds søkjarar på 246 fellingsløyve i Aurland statsallmenning, som alle fekk tilbod om jakt (nokre tok ut to kort for fritt dyr). I tillegg var det om lag 170 utanbygdsbuande søkjarar – 16 av desse fekk tildelt fellingsløyve. 6 jegerar fekk tildelt fellingsløyve for Broksfjellet, som ligg innanfor Hardangervidda villreinområde. Her vart det ikkje felt dyr denne hausten.

Som vanleg gav fjellstyret eit fellingsløyve for fritt dyr til jaktkarusellen i Aurland, og eitt løyve frå fjellstyret vart trekt mellom dei som hadde meldt inn «skrapdyr» - simler og kalvar under ei visse vektgrenser - til veging året før. Grunneigarlaget stilte med eit tilsvarande løyve til denne trekninga.

Jakta

Jakta i Aurland vart ikkje slik ein hadde vona, noko som går fram av fellingsoversikten nedanfor. At all reinen i sone 1 trekte austover i midten av september var medverkande årsak til dette, trass i at ein dette året hadde overgangsavtalar som gjorde at jegerane hadde tilgang til gode jaktområde i andre kommunar utover i jakta. Mykje av jakta stilte styresmaktene med gratis helikopter for å flyga ut reinskjøt. Sjølv med ein kvote meir enn

dobbelt så stor som året før, og jakttid nesten tre gonger så lang, vart fellingsstalet samla for Aurland berre 3 dyr meir enn i 2016. Av dei 119 dyra som vart felte i Aurland under jakta, vart 39 felt i sone 2, dei resterande 80 i sone 1. Vegen til Vargene var stengd grunna anleggsarbeid alle dagar utanom helgane. Det bidrog nok til ei lågare felling i Vestfjelli.

Fellingsresultatet for Aurland statsallmenning, totalt for Aurland og for heile Nordfjella villreinområde jakta 2017:

	Aurland statsallm.	Aurland totalt	Nordfjella
<i>Vaksen bukk</i>	26	48	215
<i>Bukk 1 ½ år</i>	6	12	55
<i>Bukkekalv</i>	10	12	86
<i>Vaksen simle</i>	21	39	198
<i>Simle 1 ½ år</i>	1	3	30
<i>Simlekalv</i>	2	5	58
Felt i alt	66	119	642
<i>Tildelt kvote</i>	246	492	2050
<i>Fellingsprosent</i>	26,8 %	24,2 %	31,3 %

CWD

Mattilsynet, med støtte frå Landbruks- og matdepartementet, vedtok våren 2017 å utrydda all rein i sone 1 i Nordfjella, som ein sentral del av bekjempinga av skrantesjuka. Den store fellingskvoten som vart gjeven for jakta var ein første lekk i denne saneringa. Statlege jaktlag starta opp jakt frå tidleg i november 2017, og skal etter planen halda fram med utrydding av stamma til slutten av april 2018. Når reinsstamma er vekke, er planen at området skal liggja heilt utan rein i minimum 5 år. Deretter kan ny villrein gradvis sleppast inn, vonleg frå ei frisk villreinstamme i sone 2, Vestfjelli. Det vart under jakta i år teke prøver av alle felte dyr. Ingen smitta dyr er funne i sone 2, men mange fleire prøver må til før ein kan friskmelda stamma.

Eit anna tiltak som i stor grad vedkjem Aurland statsallmenning, er sperregjerdet som skal hindra at rein frå sone 1 trekkjer over mot sone 2, og omvendt. Grunna ein tidkrevjande plan- og søknadsprosess, kom arbeidet med dette først i gang midt i oktober. Då vinteren kom i slutten av månaden, måtte arbeidet avsluttast halvferdig. Fjelloppsynet er engasjert av MD/SNO for å følgja med på om rein nærmar seg gjerdet gjennom vinteren, og skøyta på dette med provisoriske middel.

Med rein berre i ein mindre del av fjellområda i kommunen – vest for Aurlandsdalen - vil talet på fellingsløyve til jegerane i Aurland dei komande åra gå ned til om lag 1/3 av det som har vore normalt.

6. ELG- OG HJORTEJAKT

Aurland jakt- og fiskelag har ein 4-årig leigeavtale for hjortejakta for det øvre jaktfeltet i Aurland nordre statsallmenning, gjeldande fram til og med jakta 2019. Det nedre jaktfeltet vart utlyst for ein 2-årsperiode til utanbygds jaktlag. Fjellstyret vedtok ei prøveordning for to år (2016-17) med sal av dagskort for hjortejakt i den delen av området som ligg over 600 m.o.h., frå 1. november. Dette synte seg å gje resultat denne hausten òg. Eitt jaktlag melde seg på ordninga, og det vart skote dyr.

På same måte som året før, lyste fjellstyret ut nokre ledige fellingsløyve til andre hjortevald i kommunen, slik avtalen om felles bestandsplanområde opnar for. To løyve vart selde på denne måten, og det vart felt dyr på eitt.

På dei til saman **26** fellingsløyva for hjort som fjellstyret disponerte i Aurland nordre statsallmenning vart det skote totalt **10** dyr. 9 av desse vart felte i fellesvaldet Nordheimsdalen/Breisnes (6 av jaktlaget til AJF, 1 av utanbygds jaktlag, 2 av «dagskortjegerer,»), medan 1 vart felt i eit anna, privat vald som følgje av ordninga som er skildra ovanfor.

Kjønns- og aldersfordelinga av alle dei felte dyra var slik:

Vaksen bukk:	3
Bukk 1 ½ år:	2
Hannkalv:	1
Vaksen kolle:	1
Kolle 1 ½ år:	1
Hokalv:	2
Sum	10

7. SMÅVILT/ROVVILT

Etter full kollaps i smånagar- og småviltbestandane i 2015 var det ein viss oppgang i 2016, og vidare oppgang i 2017. Store mengder smånagarar, og god oppgang i tal observerte rypekull gjennom sommaren gav gode utsikter for småviltjakta. Fjellstyret heldt likevel på det restriktive opplegget med jaktstart 1. oktober, kvote på 1 fugl per dag/jeger og avgrensing i talet på kort som vart lagde ut gjennom Inatur (90 kort totalt, fordelt på dagskort, 2- og 3-dagarskort, vekekort og sesongkort). I ettertid ser ein at det kunne ha vore rett å lempa på nokre av restriksjonane dette året, med den gode haustbestanden det var av rype. Innkomne rapportar syner at mange rypejegerar fekk felt fugl. Fellingstalet vart det høgste på 10-12 år.

Fordelinga av selde jaktkortfor småvilt i 2017 og dei sju føregåande åra:

	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
1 dag	27	20	18	77	42	27	47	56
2 dagar	25	20	13	49	54	12	55	72
3 dagar	20	20	24	37	14	4	45	45
1 veke	10	10	2	7	2	3	20	18
Sesong	13	12	9	13	7	2	21	30
Sum:	95	82	66	183	119	48	188	221

I tillegg kjem 9 jaktkort selde for området Broksfjellet / Myrdal, som er eit jaktkortsamarbeid mellom fjellstyret og eit privateigd område. Det meste av kortsalet, både for Aurland statsallmenning og for Broksfjellet/Myrdal , skjer gjennom nettportalen *Inatur.no*.

Innkommne rapportar frå jegerane viser følgjande innrapporterte jaktinnsats og felling av småvilt i 2017 og dei 8 føregåande åra:

År:	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Tal rapportar	76	74	35	81	32	11	33	36	41
% levert rapport	80,0	84,0	53,0	39,3	26,9	22,9	17,5	16,3	19,4
Tal jakt dagar	198	180	98	166	54	22	93	80	97
Felte ryper/dag	0,47	0,34	0,26	0,5	0,28	0,25	0,3	0,4	0,7
Felt vilt:									
Fjellrype	79	52	25	83	15	5	25	29	60
Lirype	14	9	-	3	1	-	-	4	3
Hare	-	3	2	4	-	1	5	1	2
Mår	-	1	-	-	-	-	-	-	-
Raudrev	2	-	1	-	-	-	-	-	-
Røyskatt	2	3	1	1	-	-	-	-	-
Ramn	1	3	1	-	-	1	-	-	1
Kråke	1	3	1	-	-	1	-	-	2


Ingen hare er innmeldt skoten av dei som har levert jaktrapport. Hausten 2017 vart det konstatert harepest på prøver frå eit par daude harar som vart funne i Aurdalen.

Fjellstyret har innført ei ordning med jaktkort på smårovvilt - rev, mår, mink, ramn, kråke m.fl. Det har vore ei viss interesse for desse korta, som fjellstyret fram til no har skrive ut gratis. 7 sesongkort for smårovvilt vart skrivne ut i 2017, og noko vilt vart felt, jfr. oversikten ovanfor.

Det er ikkje meldt om skade på husdyr av jerv eller anna freda rovvilt i Aurland i 2017.

8. FISKE

2017 vart eit år med under middels fiske i allmenningen, når ein ser på innkomne fangststatistikkar. Samla innmeld fangst på garn og stong vart berre omlag 60 % av det som vart fiska i 2016. Årsakene til dette kan vera fleire. Ein sommar med mykje grått og ruske ver, og at reinsjakta starta så tidleg som den 10. august, kan vera to av grunnane. Bygdefolk som vanlegvis fiskar utover i august prioriterte gjerne jakta framfor fisket. Det sterke fokuset på CWD i reinsstamma og alt styr omkring det ekstraordinære uttaket verka same veg – mange fekk mindre hug til å reisa til fjells. Likevel vart det ein auke i salet av fiskekort for sportsfiske denne sesongen, samanlikna med dei føregåande åra. Dette er vist i figuren nedanfor.



Auken i kortsalet for sportsfiske kan vera eit resultat av den satsinga fjellstyret har vore med på dei siste åra i samarbeid med Norges fjellstyresamband, med auka fokus på fiskemoglegheitene i allmenningen på nettet (både eiga heimeside og Inatur.no), i tidskrift og aviser m.m.

Tal frå fangststatistikken for 2017:

Selde garnkort:	73	
Innlevert fangstrapport:	72 (95 %)	
Tal garnnetter:	818	
Tal fisk:	3318	(av dette 1125 på stong/oter)
Kg. fisk	1206,5 kg	(" " 591 kg på stong/oter)
Største fisk:	1,2 kg	(fiska i store Ljosegrunnsvatnet)
Fiskeinnsats pr. fiskar	16,3 garnnetter	
Sesongfangst pr. fiskar	12,3 kg	(gjennomsnitt for dei som har fiska med garn)
Fangst pr. garnnatt:	0,75 kg	(2,1 fisk)
Gjennomsnittstorleik:	0,35 kg	

Garnfisket var fordelt på 17 vatn, medan det på sportsfiske vart innrapportert fangstar frå 48 vatn i allmenningen.

Endra fiskereglar

Fjellstyret tok ein gjennomgang av fiskereglane for vatna i allmenningen våren 2017, og vedtok ein del endringar, med siktemål om å auka samla omfang av fisket, og få teke opp meir av den fisken som ligg på kring 30 cm, og som ikkje har vorte fanga på dei garnmoskeviddene som har vore nytta fram til no.

- Regelen om minste moskevidde på 35 mm vart stroken, m.a.o. dette vert heilt opp til dei som fiskar å vurdera, ut frå tilhøva i dei ulike vatna
- Det er opna for å fiska med 5 garn per kort i alle vatn. Det vert såleis høve til å nytta 5 garn i ein del vatn som tidlegare har hatt ei grense på 3 garn per kort.
- I tre vegnære vatn i allmenningen er det opna for at utanbygdsbuande fiskarar kan få løyst fiskekort for garn: Vestredalsmagasinet, Vetelebotnvatnet og Katlamagasinet. For å unngå at det vert brukt garn som er nytta i andre vassdrag med anna dyre- og planteliv, tilbyr fjellstyret lån/leige av garn til utanbygds fiskarar som kjøper garnkort. Det vert og lagt til rette for utlån av fjellstyret sine båtar.

Prøvefiske

Eitt vatn i allmenningen vart prøvefiska hausten 2017, i samarbeid mellom fjelloppsynet og 7. klassen ved ABU. Dette var Vestredalsmagasinet, der fangsten vart bra - 72 fisk - og fisken viste seg å vera i bra kondisjon, med K-faktor på 1,06 i gjennomsnitt. Største fisk var knapt 0,4 kg. Dette tyder på at ein i dette vatnet no har fått betra tilstanden og veksten til fisken gjennom dei tiltaka som er gjennomførde dei siste åra.

9. ANLEGG SARBEID I ALLMENNINGEN

Rehabilitering av kraftverksdam

Eit stort anleggsarbeid ved store Vargevatnet føregjekk heile sommarhalvåret i 2017, i regi av E-co Energi AS. Etter pålegg frå NVE vart steinfyllingsdammane på dette regulerte vatnet forsterka dette året. Stein til anlegget vart sprengt ut frå eit steinbrot lagt der ei lita tjørn vart tappa tom for vatn, like ved anleggsvegen. Arbeidet vart avslutta no i haust. Neste sommar står det att noko opprydding, og tjørna med steinbrotet skal fyllast opp att med vatn. M.a. av omsyn til tryggleiken ved sprenging og anna anleggsarbeid vart veggen opp til Vargene stengd med bom det meste av anleggsperioden. Dette gjorde sjølvstekt området mindre tilgjengeleg for jegerar og fiskarar denne sesongen, noko som gav utslag på både jaktuttak og fiskefangst.

Ny 420 kv-leidning

Det har vore ein del att og fram om Statnett sine planar for ein ny 420 Kv- leidning frå Vassbygdi til Sogndal. Ei tid såg det ut til at Statnett ville utsetja eller skrinleggja prosjektet grunna markadsmessige tilhøve. Siste melding frå Statnett (våren 2017) var at det likevel kan vera aktuelt å byggja lina, og at konsesjonssøknaden snart vert send. Det føregjekk stikking av mastefeste o.a. på strekninga sist sommar, m.a. gjennom Aurland nordre statsallmenning.

10. ØKONOMI

Fjellstyrerekneskapen for 2017 syner at samla inntekter (medrekna renteinntekter) vart kr. **3.348.718** og samla kostnader kr. **2.874.760**. Dette gav eit årsoverskot på kr. **473.958**.

Styret meiner at den framlagde årsrekneskapen viser eit rett bilete over eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkår om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

	Tal garn	Tal fisk	Kg. fisk	Største fisk
<u>Garnfiske</u>				
Adamsvatn/ Langavatn	22	38	15,4	0,7
Dyranosv. Øvsta	23	37	17,8	0,7
Hedlenutvatn	2	8	4,5	0,7
Holmavatn	69	136	64,2	1
Katlamagasinet	18	28	5,7	0,2
Kjeldhusnosvatn fremsta	9	15	7,4	0,7
Kjeldhusnosvan heimsta	1	6	2,1	0,35
Langavatn Holene	16	49	16,8	0,5
Langavatnet Kongshelleren	30	85	30	0,65
Melavatn fremsta	15	46	17,6	
Mydlovatn mellomste	15	34	16,6	0,7
Norddalsvatn	18	66	30,3	1
Nyhellermagasinet	484	856	275	0,65
Svartavatn	64	187	66,5	0,5
Toddyvatn	8	10	3,2	0,5
Vargevatn store	10	36	12,8	0,5
Vesterdalsmagasinet	14	110	30	0,35
Til saman	818	1747	615,9	

Oppsummering:

Fangstrapporatar:	50
Ikkje fiska:	22
Ikkje sendt melding:	4
Utskrevne kort:	73
% sendt fangstrapporatar:	95,00 %

Gjennomsnittleg innsats (av 50 som har fiska) 16,3 garnnetter.

Sesongfangst pr. fiskar : 35 fisk, eller 12,3 kg fisk.

Fangst pr. garnnatt: 2,13 fisk eller 0,75 kg fisk

Gjennomsnittstorleik 0,35 kg.

Garnfisket har vore fordelt på 17 vatn i statsallmenningen

Sportsfiske

	Tal fisk	Kg. fisk	Største fisk
Adamsvatnet/ Langavatnet	77	20	0,38
Alvsvatnet	20	7,3	
Berdalsvatn nedre	9	2,4	0,3
Brubotten	3	0,85	0,3
Bukkaholmvatnet	1	0,3	

Dyranosvatn øvsta		2	1,3	0,7
Grønebotnvatnet		1	0,35	0,35
Grånosvatnet		6	2,8	0,6
Hedlenutvatnet		10	3,5	
Holmavatn		26	13,4	1,1
Holmavatn småvatn vest/ sør		1	1	1
Hundhus småvatn		4	3,9	1,1
Høganosv småvatn størsta		31	8	0,25
Høganosvatn småvatn innerst		2	1,2	
Katlamagasinet		47	9	0,3
Katlanosvatn 1430		8	2,5	
Kjeldhusnosv. Fremsta		19	10,3	0,7
Kjeldhusnosv. Heimsta		7	3,9	0,8
Langavatn Kongsheller		5	1,5	
Kreklevatn		11	4,8	
Kreklevatn nedstrøms		8	5,2	1,13
Kreklefjell småvatn		6	2,6	
Kvalryggvatnet		4	1,2	0,35
Langavatn Kongshelleren		4	1,8	
Langavatn 1393		13	3,7	
Liavatn store		20	11,5	0,6
Langhaug vatn ved		3	0,9	0,4
Ljosegrunnsvatn stora		24	10,8	1,2
Ljosegrunnsvatn vetla		4	3,1	1
Melavatnet fremsta		3	1,3	0,6
Mellomvatn mellomsta		13	7,2	
Mellomvatn nedsta		5	1,5	
Navnlausa Skomen		18	8,3	0,6
Norrdalsvatnet		85	44,1	0,8
Nosavatn		3	0,9	
Nyhellermagasinet		833	300	1,2
Paulvatn nedre		18	7,5	0,625
Rynjulsvatn		18	8,6	1
Stemmerdalshalli		26	7,3	
Storshovden småvatn		3	2	0,8
Strupavatnet Melane		15	6,3	0,6
Svartavatnet		34	12,8	0,71
Svarthovdvatnet		13	4,25	0,4
Tissedalsvatnet		44	17	0,76
Toddyvatnet		5	1,75	0,7
Vargebotnvatn		4	1,3	0,4
Vesterdalsmagasinet		42	12	0,35
Vetlamelavatn		13	7,4	0,7
Til saman		1571	590,6 kg	

FISKEUTSETJINGA I AURLAND STATSALLMENNING 2017

Vatn	H.o.h.	Areal, hektar	Sist utsett	Framlegg	Utsetjar
Austfjelli:					
Toddyvatnet	1491	8	2013	150	Knut Helge Kjærvik
Bukkaholmvatnet +nedanfor	1529	28	2014	400	Christian Kjærvik
Vetlemelavatnet	1467	22	2014	300	Kjetil Lien Nilsen
Heimsta Melavatnet	1441	18	2015	200	Erling nesbø
Fremsta Melavatnet	1450	32	2015	300	Tunde F. Nesbø
Heimsta Kjeldhusnosvatnet	1472	46	2015	400	Anders Veum
Fremsta Kjeldhusnosvatnet	1450	33	2015	300	John Ryum
Veiverdalsvatnet, stora	1365	16	2012	200	Odd Lirhus
Veiverdalsvatnet, øvre	1368	4	2012	100	Odd Lirhus
Langavatnet ved Langafonni	1582	43	2006	400	Alf Waaler
Grånosvatnet	1446	18	2014	200	Vidar Haugeplass
Hundhus, småvatn	1447	12	2013	150	Knut Fredrik Øi
Vetlebotnvatnet	1025	77	2015	800	Knut Fredrik Øi
Stemmerdalen over terskel	1026	8	2015	100	Elevar ABU
SUM AUSTFJELLI				4000	
Vestfjelli:					
Langavatnet nedre	1393	17	2015	200	Arne Veum
Øvsta Berdalsvatnet	1512	42	2014	400	Øyvind Øyum
Øvsta Mydlovatnet	1460	13	2013	200	Arne Inge Øyum
Vesle Vargevatnet	1474	81	2014	400	Bjørn Ebne
SUM VESTFJELLI				1200	

Sum

5200 stk.